



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Vår dato: 02.04.2024

Vår ref.: 201902090-16 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2020/34-87

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE trekker motsegn ved andre gongs offentleg ettersyn av detaljregulering for Jendemshagen II i Hustadvika kommune

Vi viser til brev datert 19.02.2024. Saka gjeld andre gongs offentleg ettersyn av detaljregulering for Jendemshagen II i Hustadvika kommune. I oversendingsbrevet gjer de greie for planprosessen og at endringar i plandokumenta har ført til at planframlegget er lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn.

NVE trekker motsegn til detaljregulering for Jendemshagen II knytt til manglande avklaring av fare for flaum og erosjon.

NVE trekker motsegn til detaljregulering for Jendemshagen II knytt til manglande avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire.

NVE trekker motsegn til detaljregulering for Jendemshagen II knytt til manglande omsyn til vassdragsmiljøet, med føresetnad om at regulert veg o_V5 ikkje fører til inngrep i skråning mot bekkedalen og føresegner for kantvegetasjon vert endra.

Om motsegna

NVE fremja motsegn til detaljregulering for Jendemshagen II i brev datert 26.06.2020. Grunnlaget for motsegna var manglande vurderingar og omsyn til fare for flaum og erosjon langs vassdrag, mangelfull vurdering av potensiale for områdeskred av kvikkleire og manglande omsyn til vassdragsmiljø og krav til kantvegetasjon.

NVE sine merknader til revidert planframlegg

Det har vore mykje dialog mellom NVE og plankonsulent/Hustadvika kommune etter førre høyring av planframlegget. I revidert planframlegg er det tatt omsyn til merknader og lagt fram ny dokumentasjon med utfyllande vurderingar.



Flaum og erosjon

Norconsult har gjort vurdering av flaum og erosjonsforholda i planområdet. I rapport revidert 28.05.2021 er det eintydig konkludert kva areal som er utsett for flaum med 200-års gjentaksintervall, samt at det ikkje er fare for erosjon utover område med kartlagt flaumfare.

I framlegg til revidert plankart er fareområdet regulert med omsynssone flaumfare H320, med tilhøyrande føresegn § 8.2 som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum i samsvar med krava i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2. I høve til tidlegare planløyisingar som NVE har vurdert, er det i sist revidert plankart gjort endringar slik at framtidig byggeområde kjem lenger unna bekkeløp og kartlagt fare.

NVE er nøgd med at kommunen har gjort desse grepa med planframlegget. Vi vurderer at endringane som er gjort i utgreiingar, plankart og føresegner svarar for våre merknader og at grunnlaget for motsegna fell bort. **NVE trekker motsegn til detaljregulering for Jendemshagen II knytt til manglande avklaring av fare for flaum og erosjon.**

Grunnforhold

Norconsult har i notat datert 05.05.2021 gjort greie for grunnundersøkingar og vurderingar av grunnforholda som er gjort i planområdet etter første gongs offentleg ettersyn. Naturfare i planområdet som også omfattar grunnforholda er også vurdert i fleire andre notat. Norconsult konkluderer med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire i planområde.

Vi vurderer at ny dokumentasjon som er lagt fram i saka svarar for vår merknad ved første gongs offentleg ettersyn, og at grunnlaget for motsegna fell bort på dette punktet. **NVE trekker motsegn til detaljregulering for Jendemshagen II knytt til manglande avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire.**

Vassdragsmiljø

I revidert planframlegg er byggeområde for bustader trekt lenger unna bekkeløp og kartlagt faresone for flaum og erosjon. Det er difor ikkje trong for tiltak langs bekkeløp for å sikre mot slik fare. Sidearealet til bekkeløpet er regulert med arealføremålet Friluftsområde (FL) og i tilhøyrande føresegn § 6.2.2 er det sett krav om vegetasjon men også opna for skjøtsel. Det er også sett krav om kantvegetasjon langs vassdrag i §§ 7.1.2 og 8.2. Delar av skogen er kartlagt som boreal lauvskog med viktig verdi (B), og i tidlegare planframlegg som NVE har vurdert var naturtypen regulert med omsynssone naturområde H560. Denne omsynssone er ikkje tatt med i revidert planframlegg.

Vi viser til at eventuell fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag krev dispensasjon frå vassressurslova § 11 og vert handsama av Statsforvaltaren. NVE meiner at ordlyden i føresegnene § 6.2.2 bør endrast slik at planen ikkje opnar for fjerning av skog som kan vere



i strid med vassressurslova § 11. De bør også vurdere om krava til kantvegetasjon kan samlast i ei føresegn og ikkje vere på tre ulike stader i føresegnene

I staden for at bustadarealet tidlegare var trekt heilt fram til terrassekanten mot bekkeløpet, er det no føreslege tilkomstveg (o_V5) nærast skråninga mot bekkedalen. Det er litt vanskeleg å lese av plankartet om tilkomstvegen ligg oppe på terrasseflata i si heilheit, eller om vegen vil føre til utfylling i skråninga mot bekkedalen. NVE rår sterkt til at vegen bli liggande oppe på flata utan nye inngrep i skråninga mot bekkedalen.

NVE vurderer at revidert planframlegg tek i vare omsyn til vassdragsmiljøet og krav til kantvegetasjon i samsvar med vassressurslova § 11, på ein betre måte enn tidlegare planframlegg. Planen opnar ikkje lenger for tiltak langs bekkeløpet som krev avklaring etter vassressurslova, og revidert planframlegg svarar for våre tidlegare merknader knytt til vassdragsmiljøet. Grunnlaget for vår motsegn til planen fell bort med føresetnad om at det ikkje blir gjort inngrep skråning mot bekkedalen i samband med etablering av ny veg, og at det vert gjort endringar i føresegnene knytt til kantvegetasjon. **NVE trekker motsegn til detaljregulering for Jendemshagen II knytt til manglande omsyn til vassdragsmiljøet, med føresetnad om at regulert veg o_V5 ikkje fører til inngrep i skråning mot bekkedalen og at føresegner for kantvegetasjon vert endra.**

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

HUSTADVIKA KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune